

Mykje arbeid er gjort på Fjelly.

31.03.2017



Lagshytta Fjelly vert kalrgjort for 100 års markering.

Årsmeldinga frå hyttestyret syner at det er gjort mykje godt arbeid på Fjelly i 2016. Det har vore 70 overnattingsgjester. Det er eit lågare tal enn vanleg. Årsaka er at hytta til tider ikkje har vore utleigd grunna utbetringsarbeid. Janne Yri, Mariann Hauso og Anette Sund utgjer hyttestyret.

Det er montert nøkkelskap og brua, som vart skada i flaum, er på plass. Dugnadsjengen på brua har vore: Vidar Haugland, Pål Haugland, Audun Eik og Svein Ove Bråtun. Ein romjulsfest gav gode inntekter både til Helgheim og til Fjelly.



Taket i stova er senka, golv og treverk er behandla.

Viktige tiltak i 2016 har vore:

- Reparert golvet inne i hytta
- Måling inne og ute
- Senka taket i stova, kledd att opning til hems og laga luke
- Montert nytt kjøkken
- Nedvask
- Laga nye dører til naustet
- Terrassen ute er riven

Døgnpriisen for utleige er endra til kr. 400,- Då er alle kostnader medrekna. Styret har merka seg eit problem ved at nokre tingar hytta, møter ikkje fram og let vera å betala.

Styret saman med Michel Røssland, Jostein Hauso og Oddmund Soldal har gjort eit stort arbeid med renovering og utbetringarbeid fram til jubileumsåret 2017 og markeringa laurdag 20. mai.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal